

# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 3 - 2024

Bøverdalen - Lom - Garmo

83. årgang



*Informasjon frå kyrkjene i Lom*

# Kyrkjeblad for Lom

## KYRKJENE I LOM

Kontortid kvardagar 10:00-14:00  
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

## Leiar Lom kyrkjelege råd

Per Morten Mork, tlf. 909 40 635  
morkpermorten@gmail.com

## Sokneprest

Margit Husevåg, tlf 478 99 763  
margit.husevag@lom.kommune.no

## Kyrkjeverje

Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527  
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

## Kyrkjelydssekretær

Guri Husom, tlf. 481 65 528  
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

## Kyrkjetenar

Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194  
jonas.fjeld@lom.kommune.no

## Organist

Rasim Ramazanov, 939 30 538  
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

## Kyrkjelydsarbeidar

Endre Skjåk, tlf. 901 35 738  
endre.skjak@skjaak.kommune.no

## Omvisartenesta

Tlf. 481 65 529  
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

## Kyrkjebladet

Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)  
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-  
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

## Redaksjonsgruppe:

Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten,  
kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett: Mediehuset Fjuken/OØR

Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as  
Tlf. 61 27 73 50 magnus@dg-trykk.no

# BLOMEFONDET

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- **Konto 2085 29 66107**
- **Vipps 533520**

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.


Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11:00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

I kyrkjeblad nr. 4 i 2017 stod historia om blomefondet vårt som feira 70 år same året. I mange år var det eit blomefond i kvart sokn, men då det eine fondet var omtrent tomt for midlar, vart dei samanslegne til eit fond frå 1. januar 2006. Slik er det framleis.

**Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf 481 65 527 eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no**



**Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 13. nov. 2024.**



# Den nye soknepresten vår er på plass

– Eg har fått så godt eit inntrykk av bygda og folket her. Eg opplever å bli møtt med glede over at eg no er komen, seier den nye soknepresten i Lom, 62 år gamle Margit Husevåg.

tid med barn i huset. Margit Husevåg fortel stolt om to søner som no er vaksne; 21 og 29 år. Den eine bur i Bergen, den andre i Tromsø.

*Kva var det som gjorde at det vart prestegjeringa for deg?*

– Det kallet har nok vore der frå ei tid der ein hadde eigne tap i livet, men denne vegen og dette kallet har teke tid, seier soknepresten. Etterkvart var det likevel prest Margit Husevåg skulle bli, fyrst i tre sokn i Hamar Domprosti, og seinare som sjukehusprest i Innlandet.

– Dette var eit gjevande arbeid, fortel ho, med menneskemøte i alle livets faser. Likevel hadde ho ein lengt i seg etter å arbeide i kyrkja att. Tre månaders permisjon frå sjukehuset, og med kyrkja som arbeidsstad, gjorde godt. Eg tok til å sjå meg om etter ledige stillingar, og så hamna eg her, smiler Margit Husevåg.

*Kvifor fall valet på Lom?*

– Eg visste at Lom var ein stad full av kultur og fin natur, og med menneske som er svært uttrykksfulle når det kjem til å formidle musikk og all slag kultur. Eg har og tidlegare arbeidd med matkultur, så dette var så absolutt staden for meg. Her har eg alt eg set pris på; Fjellet, musikk, mat, gode folk og ikkje minst den vakre og historiske Lomskyrkja. Eg må også få nemne dei tilsette på kyrkjelydskontoret og dei andre knytt til kyrkjearbeidet. Flotte folk som har teke meg så godt imot. Alt dette vart inni meg til eit stort JA til å kome til Lom.

Margit Husevåg skildrar seg sjølv som ei fjelljente som gler seg på turar rundt om i fjellet her. Og med bakgrunn både som langrennsløper og frå volleyballbana, er det ei aktiv dame som tek på seg prestekjolen for å tene folket i Lom.

– Eg har store forventningar til arbeidet her, spenning blanda med det positive ved å få vere til for folk, både i sorg, glede og i den jamne kvardagen. Eg vonar eg vil gje tillit og opne opp for det som har med kyrkja og trua vår å gjere. Ikkje minst vonar eg at eg vil bli ein prest som folk kan stole på i alle livets situasjonar, avsluttar Margit Husevåg, den nye soknepresten i Lom.



...alt dette vart  
inni meg eit stort  
JA til å kome til  
Lom

Margit Husevåg budde på Gjøvik fram til ho var 20 år, men har røter både på Vestlandet og i Nord-Trøndelag.

– Vi har hytte på ei øy som faktisk heiter Husevåg, dit har vi reist ofte, og då alltid stoppa i Lom, seier Margit og fortel samstundes at ho har vore breførar på Fanaråken i ungdomen. Lom er difor ikkje «ukjent land» for den nye soknepresten.

– Eg utdanna meg fyrst innan økonomi og arbeidde med det fagfeltet i nokre år. Så byrja eg å tenkje på om eg kunne nytte kunnskapen min på ein måte som gav ein meningsfull veg for meg. Eg hoppa difor av dette yrket og tok til å arbeide med kvinneretta bistand, mellom anna med prosjekt i Vest-Afrika, fortel Husevåg.

Etterkvart fullførte ho ei rekkje studiar; religionspsykologi, psykodrama og teologi. Dette i ei

***Innsetjingsgudsteneste for den nye soknepresten er i Lomskyrkja 22.september.***



#### 50-årsjubilantar

1.rad frå venstre: Karin Solbakken Iversen, Gro Torunn Husom Bakken, Ingebjørg Bruøygard Sandum, Randi Bråtet Damstuen, Randi Aukrust, Sissel Torund Slålien, Aud Myren og Olga Kjørren Eriksen.

2. rad frå venstre: Unni Kroken Kolden, Anna Sole, Marianne Odde Randen, Randi Ødegård Holen, Maria Frøise Sandvoll, Else Skjerpingsstad Stade og Tove Nyøygard Husom.

3. rad frå venstre: Svein Eggen, Per Grindvold, Morten Resvoll og Stein Torkveen.



#### 60-årsjubilantar

Håvard Stenersen, Åse Torunn Kvålshagen Flåten, Jon Haugen, Solbjørg Juvstad Johnsen og Lars Eivind Sulheim.



#### 70-årsjubilantar

*Torbjörg Krøkje Horten, Aase Vole Dalen, Sølvi Bjørg Haugen Nilsen, Jørn Kåre Nyøygard, Audun Gjengedal og Ivar Randen*

## Triveleg stund på Garmo gamle kyrkjegard

Det er alltid triveleg å ha messe på Garmo gamle kyrkjegard. Vertskapet på Systugun Garmo tok imot meir enn åtti personar til utemesse den 4. august. Iver Vestad Larsen vart døypt, og mange var samla til kyrkjekaffe på tunet etterpå. Takk til Torgeir og Marry Garmo!





## 4-åringane så

På plantedagen var alle 4-åringane våre inviterte til å så ved kyrkja. Ein fin bukett møtte opp og var med og sådde blomfrø i krukkane kring vassposten. Dette vert i løpet av sumaren til Blomehagen som er med og prydar kyrkjegarden vår både for fastbuande og turistar. Alle fekk så kvar si solsikke som dei fekk med heim.





# Ådde blommar

Denne kan ein sjå veks og gro frå eit lite frø til ein stor, fin blome som alt anna i skaparverket kring oss. Vi hadde ei triveleg stund i lag, som også vart fylt med sang, samtale og is. På hausttakemessa vert 4-åringane invitert attende for å få si eiga kyrkjebok. På denne messa vil vi takke for alt som har grodd fram gjennom sumaren.




## Sommarkonsert i Lomskyrkja

Vi har fått mange flotte attendemeldingar på den fine konserten vi hadde i Lomskyrkja den 17. august.

Det var 70 frammøtte og mange sa at slike konsertar vil vi ha fleire av! Turnuslegane i Lom og Skjåk, Margrethe Lans Syvertsen og Ingrid Bjørkelo Østmoen fann verkeleg tonane saman med organisten vår, Rasim Ramazanov, denne kvelden.

Vi fekk høyre både brudemarsjar, folketonar, salmar, klassiske stykke og litt jazz og folketonar frå Ukraina. Flotte musikarar både med song, orgel, fele og keyboard.

Tusen takk for ein stemningsfull kveld, og til alle som kom!



# ...ein skigard kan 'kje vara evig, veit du...

Gjerdet rundt kyrkjegarden i Garmo har vore skrøpeleg i lang tid.

No er Lom Bygg AS i gang med å setje opp nytt gjerde. Det er mykje leirgrunn på kyrkjegarden som diverre gjer det utfordrande både å halde gravstøttene og hafella oppreist.

Etter kvart vil nok gjerdet flytte på seg att, men no blir det i alle høve betre ei stund.

Til neste år går vi vidare med å male heile kyrkja.



## *Gravferdshjelpa Lom og Skjåk*

Gravferdshjelpa ynskjer å gje  
**TILLIT - OMSORG -  
TRYGGLEIK**

*Eg kan hjelpe dykk med  
alt vedrørande gravferder  
og kremasjon.*

Anne Sperstad  
mob. 95 72 36 71



## Ottadalen Mølle

Alltid der for deg



## STOKK & STEIN

2686 Lom Tlf. 90860858 [www.stokkstein.no](http://www.stokkstein.no)

# Trusopplæringa framover

**Alle 8-åringane i Lom** vert inviterte på tårnagentsamling i Bøverdalen søndag 13. oktober. Her skal vi ut på oppdagingsferd i kyrkja for å løyse eit mysterium, og vi får lære litt meir om kva som skjer på ein dåp. Dei som vil, kan til og med få kome opp i tårnet. Samlinga vert avslutta med open messe.



**På ljosmessa i Lomskyrkja** søndag 1. desember kl. 15:00 vert det utdelt adventsbok til **3-åringane**.

Her vert det også fakkeltog etterpå.

Innbydingar kjem i posten.

## Konsert med Dalakopa i Lom kyrkje

**Laurdag 23. november kl. 19.00**

Velkomne til kyrjekonsert med den internasjonale folkemusikkgruppa Dalakopa. Vi vil få høyre folkemusikk og gamaldans av det meir lyriske slaget. Vi kan likevel love høg stemning denne laurdagskvelden! Kanskje blir dette ein av dei siste turnéane dei legg ut på, skal vi tru kapellmeister Bent Jacobsen, så her er det berre å sikre seg ei god oppleving.

Billettpris: kr. 350,-

Førehandssal og sal i døra til Vipps: 940510

Arrangør: Lom kyrkjelege råd

## Nyttårskonsert i Garmo kyrkje

**Onsdag 1. januar kl. 19:00**

Velkomne til fortsetjinga av ein årleg tradisjon med konserten «Vi lyser i stille grender»

**Iselin Aukrust** (vokal og fele), **Lasse Tronstad** (trompet og bukkehorn), **Vemund Olav Aukrust** (orgel), **Vegar Vårdal** (fele), **Rasim Ramazanov** (piano) og **Endre Skjåk** (tekst) har sett saman eit program i spennet mellom klassisk og folkemusikk. Her vert det både kjende julesongar og klassiske perler.

Billettpris: kr. 350,-

Førehandssal og sal i døra til Vipps: 941609  
(Barn under 18 år gratis)

## Kyrkjebladet og vidare finansiering

Vi er takksame for alle gåver vi får til kyrkjebladet, men frå og med 2024 må vi delfinansiere produksjonen med annonseinntekter.

Vi har fått auka produksjonspris det siste året som fylgje av overgang til postdistribusjon. Dessutan er ikkje Lomsnutt ein del av bladet lenger, og vi får ikkje hjelp av Lom kommune til å setje opp bladet. Av den grunn kjem vi til å kjøpe denne tenesta frå Mediehuset Fjuken.

***Vi vonar de vil ta vel imot bladet sjølv om det kjem med annonsar.***

# Heim og ætt

## Døypte:

### Garmo:

30.06 Brynjar Bruheim Garmo

04.08 Iver Vestad Larsen



## Jordfesta:

### Garmo:

20.08 Aslaug Skjellen f. 1925

12.09 Jon Roar Bakke f. 1963

18.09 Bjarne Bakken f. 1932



### Lom:

16.07 Ivar Torekveen f. 1931

19.07 Bjørg Marit Andersen f. 1942

01.08 Rolf Terje Stamstad f. 1952

05.09 Henny Rita Vassdøkken f. 1946

06.09 Sigmund Bråtet f. 1943

13.09 Gudrun Veigel Gaukstad f. 1958

17.09 Jostein Lyngved f. 1953

20.09 Oddbjørg Blakar f. 1925

25.09 Johanne Mork f. 1933

### Bøverdalen:

16.08 Arve Vole f. 1957

## Vigde:

### Lom:

22.06 Mari Haugen og Sverre Runde

29.06 Heidi Bø og Ola Myhr



### Garmo:

17.08 Livø Randen og Amund Bruøygard

14.09 Ingrid Nordjordet Sætrum og Thorstein Steinehaugen

# Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.

# Levande ljøs

## Bruk av pynt og levande ljøs på kyrkjegardane:

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Lom og Garmo. Og folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljøs, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljøs eller noko som helst med open flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri. Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over.

**Særskilt julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20. januar.**

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte for vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtektene.



# Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

**Sundag 06. oktober**

LOM KYRKJE kl. 11:00. Utdeling av bok til 4-åringane. Offer til Trusopplæringa.

**Sundag 13. oktober**

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til TV-aksjonen

**Sundag 13. oktober**

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00. Offer til TV-aksjonen.

**Sundag 03. november**

LOM KYRKJE kl. 19:00 Helgemesse

**Sundag 10. november**

LOM KYRKJE kl. 11:00 Offer til kyrkjebladet

**Sundag 17. november**

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00

**Sundag 17. november**

GARMO KYRKJE kl. 19:00

**Sundag 01. desember**

LOM KYRKJE kl. 15:00 Ljosmesse der konfirmantane deltek. Utdeling av kalender til 3-åringane. Offer til Kirkens bymisjon.

**Sundag 01. desember**

GARMO KYRKJE kl. 19:00 Ljosmesse der konfirmantane deltek. Offer til Kirkens bymisjon.

**Sundag 08. desember**

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00 Ljosmesse der konfirmantane deltek. Offer til Frelsesarmeen.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå [lom.kommune.no](http://lom.kommune.no), eller på heimesida vår: <https://t.ly/3BHFy>



Lik Kyrkjene i Lom på facebook!

[facebook.com/lomkyrkjekommune](https://facebook.com/lomkyrkjekommune)